



/// Planprogram

Arealplan for Sogndal kommune 2022-2032

Innhald

| | |
|--|----|
| Innleiing | 3 |
| Bakgrunnen for arealplanarbeidet | 3 |
| Planprogrammet..... | 3 |
| Del 1: Rammene for arealplanprosessen..... | 3 |
| Føremålet med arealplanen..... | 3 |
| Føringar for arealplanen | 4 |
| Organisering | 4 |
| Framdriftsplan..... | 4 |
| Del 2: Hovudaktivitetar i arealplanprosessen | 5 |
| Moglegheitsstudiar | 5 |
| Medverknad | 5 |
| BAKT – Arealstrategi for bustad, arbeid, klima og transport..... | 6 |
| Temaplan for naturmangfald | 7 |
| Vurdering av innspel og gjeldande arealbruk..... | 7 |
| Konsekvensutgreiing (KU) | 7 |
| Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) | 10 |
| Hendingar som skal vurderast | 11 |
| Kategoriar for sannsyn, konsekvens og risiko | 12 |

Innleiing

Bakgrunnen for arealplanarbeidet

Nye Sogndal kommune har ambisjonar om god og miljømedviten stadutvikling i heile kommunen, mellom anna med attraktive sentrum, mange nok og rett type bustader og gode rammer for næringsutvikling, slik samfunnsplanen legg til rette for. Eit felles styringsverktøy for arealbruken i kommunen er grunnleggjande for å få til ei slik utvikling. Utarbeiding av arealplanen er såleis høgt prioritert i kommunen sin planstrategi (2021-2024).

Ein samla arealplan for heile kommunen er eit lovkrav etter plan- og bygningslova (pbl.) § 11-5. I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging 2019-2023 er også planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling tydeleg trekt fram.

Planprogrammet

Planprogrammet fastset rammene for planprosessen, og skal sikre eit føreseieleg planarbeid for alle partar. Programmet skal utarbeidast og leggjast ut til offentleg ettersyn saman med varsel om oppstart av planarbeidet. Krava til planprogram er fastsett i pbl. § 4-1.

Del 1 i planprogrammet gir føremålet med planarbeidet og føringar frå samfunnsplanen. Organisering av arbeidet og dei viktigaste milepælane er også lagt fram.

I del 2 er hovudaktivitetane i arealplanprosessen skildra. Det skal utarbeidast moglegheitsstudiar for alle tettstadene, som bakteppe for medverknad frå offentlegheita. Ein overordna arealstrategi (BAKT) og temaplan for naturmangfald skal ligge til grunn for vurderingane av arealbruken i kommunen. Deretter skal innspel i planprosessen, tidlegare innspel og gjeldande arealbruk vurderast opp mot eigne, regionale og nasjonale føringar og lovkrav. Til slutt vert metode for konsekvensutgreiing og ROS-analyse skildra.

Del 1: Rammene for arealplanprosessen

Føremålet med arealplanen

Samfunnsplanen har peika ut kva samfunnsutvikling me ønskjer oss, medan arealplanen vert avgjerande for realisering av samfunnsplanen og å oppnå måla me har sett oss. Arealplanen skal vere grunnlaget for korleis me forvaltar areala våre, og vert styrande for planar og tiltak etter plan- og bygningslova. Arealplanen skal vere eit effektivt styringsverktøy for politikarar og administrasjon.

Arealplanen skal innehalde eit plankart over heile kommunen med tilhøyrande føresegner, planomtale, arealstrategi, temaplan for naturmangfald, arealbudsjet, konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

Føringar for arealplanen

Visjonen vår og samfunnsmåla våre gjev rammer for samfunnsutviklinga, og inneber at tenestene våre og lokalsamfunna skal gje god livskvalitet. Me skal også vere ein utviklingsretta kommune med skaparkraft og eit blick for heile Sogn, og klima og miljø skal liggje som premiss for alt me gjer.

Posisjonen som utfordrarbygd og verdiane våre fortel oss korleis me skal jobbe. Planprosessen skal byggje opp under verdiane våre samskapande, open, god og nysgjerrig, og me skal utfordre korleis me jobbar med planlegging og samfunnsutvikling.

Satsingsområda i samfunnsplanen inneheld resultat og aktivitetar med konsekvensar for arealplanen. Føringane er oppsummerte i samfunnsplanen.

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for samfunnsplanen saman med nasjonale og regionale føringar, og vert såleis vidareførte i arealplanen. Særleg viktig for utarbeiding av arealplanen er plan- og bygningslova med forskrifter, dei statlege planretningslinjene og dei relevante regionale planane.

Organisering

Politisk organisering

Handsaming av arealplanen ligg til kommunestyret, med førebuande handsaming i plan- og forvaltingsutvalet og formannskapet.

Administrativ organisering

Utarbeiding av arealplanen ligg til tenesteeininga plan og forvaltning, og vert organisert som eit prosjekt. Prosjektansvarleg er tenesteleiar Åsmund Veigel Gaukstad og prosjektleiar er samfunnsplanleggar Sigrid Ølmheim. Prosjektet rapporterer jamleg til kommunedirektøren si leiargruppe.

Framdriftsplan

| | | |
|---|---|------------------------|
| 1 | Varsel om oppstart og offentleg ettersyn av planprogrammet | juni 2021 |
| 2 | Vedtak av planprogrammet | september 2021 |
| 3 | Ferdige moglegheitsstudiar | november 2021 |
| 4 | Medverknadsopplegg | november/desember 2021 |
| 5 | Prosessvedtak av BAKT og temaplan for naturmangfald i PFU og formannskap. | desember 2021 |

| | | |
|----|---|------------------|
| 6 | Politisk handsaming av moglegheitsstudiane | januar 2022 |
| 7 | Drøfte framlegg til arealbruk i regionalt planforum | februar 2022 |
| 8 | Handsaming av framlegg til arealbruk i PFU og formannskap | mars 2022 |
| 9 | Offentleg ettersyn av arealplanen | juni-august 2022 |
| 10 | Handsaming av innspel i PFU og formannskap | oktober 2022 |
| 11 | Endeleg vedtak av arealplanen | desember 2022 |

Del 2: Hovudaktivitetar i arealplanprosessen

Moglegheitsstudiar

Samfunnsplanen og revidert planstrategi har eit høgt ambisjonsnivå for stadutviklinga i kommunen, både med tanke på kvalitet og framdrift. Moglegheitsstudiar for kvar tettstad vil vise konsept for utviklinga av staden mot 2050 og gje konkrete bilete på kva som ligg i samfunnsplanen. Studiane vil vere nyttige bakteppe når arealbruken i dei ulike tettstadene skal drøftast under medverknadsopplegga og i planprosessen elles. Moglegheitsstudiane vil vidare vere viktige grunnlag for områdeplanar for tettstadene i kommunen.

Moglegheitsstudiane er planlagt utarbeidd av eksterne firma for å sikre framdrifta for arealplanen, og føreset at finansieringa er avklart. Ved å nytte ekstern kompetanse vert i tillegg stadutviklinga i kommunen sett med nye perspektiv, og med erfaringar frå potensielt sett heile landet. Dei faglege vurderingane av behov og moglegheiter skal i tillegg drøftast med lokale referansegrupper som vert sette ned av kommunen. Kommunen sine fagpersonar vil også involverast i vurderingane.

Medverknad

Skal Sogndal kommune få ein arealplan som vert forstått og er føreseieleg, bør alle som planen vedkjem delta i prosessen. Det skal vere lett å gjere seg kjend med planprosessen, og informasjon om framdrift og medverknadsopplegg vil finnast på kommunen si heimeside og på utfordrarbygda.no.

Ved å vere medvetne om kven som har kva interesser i planprosessen, kan me legge til rette for målretta medverknad og tilpasse kva innspel me spør om, når me spør og korleis me spør.

Medverknadsopplegga for arealplanen er planlagt til november/desember 2021, og vil føregå som digitale opplegg og fysiske møte i alle tettstader i kommunen.

Tabell 1: Målgrupper i planprosessen

| Målgruppe | Interesse i planen | Påverknad på planen | Aktivitet |
|---|--|----------------------------|--------------------------------------|
| Folkevalde | Skal vedta planen | Stor | Politiske møte og medverknadsopplegg |
| Kommunale råd | Skal ivareta interessegrupper | Middels | Eigne møta og medverknadsopplegg |
| Innbyggjarar (alle grupper), næringsliv, frivilligheit, offentlege verksemdar | Planen påverkar liv og virke | Middels | Medverknadsopplegg |
| Statleg og regional planforvaltning | Skal ivareta statlege og regionale omsyn. Moglegheit for motsegner | Stor | Regionalt planforum |
| Utbyggjarar (inkl. kommunen) | Planen gjev rammer for utbygging | Middels | Medverknadsopplegg |
| Grunneigarar (inkl. kommunen) | Planen gjev rammer for utbygging | Middels | Medverknadsopplegg |
| Sakshandsamarar i kommunen, fylkeskommunen og statsforvaltaren, private konsulentar | Skal bruke planen i virket sitt | Middels | Fagleg kvalitetssikring av planen |

BAKT – Arealstrategi for bustad, arbeid, klima og transport

For å følgje opp føringane frå samfunnsplanen må dei konkretiserast og knytast til dei ulike delane av kommunen. Dette skal gjerast på overordna nivå i ein arealstrategi for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT). Arealstrategien skal i hovudsak ta føre seg tettstadstrukturen i kommunen, og sjå bustad-, arbeids- og transportutviklinga i lys av målet om å redusere klimagassutslepp. Arealstrategien skal vere ein del av arealplanen og ligge til grunn for arealbruken i kommunen.

Eit sentralt arbeid i arealplanprosessen er å avklare korleis kommunen har behov for å disponere areal til ulike føremål. Dette vil komme fram i eit arealbudsjet, som vil bidra til at kommunen set av nok, men ikkje for mykje areal til kvart føremål i dei ulike delane av kommunen.

Tema som skal vurderast:

- Bustader og nærmiljø
- Hytter
- Tettstadutvikling
- Behov i tenestene til kommunen
- Arealkrevjande næring
- Samferdsel og mobilitet mellom tettstadene
- Landbruk, natur og friluftsliv
- Grøntstruktur
- Strandsone og areal i sjø

- Overskotsmassar og massedeponi
- Kulturminne og kulturmiljø
- Næring

Temaplan for naturmangfald

Temaplanen skal vere eit kunnskapsgrunnlag for arealplanen, områdeplanar og i forvaltning av naturmangfaldet elles. Planen skal vise økologiske samanhengar i og ved tettstadene og område med utbyggingspress.

Temaplanen skal bidra til at klima og miljø er premiss for alt me gjer, jf. samfunns målet miljømedvit i samfunnsplanen. Planen skal følgje opp punkt 27 i prinsipp for arealplanen: «Legge til grunn eit godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald ved vurdering av endra arealbruk».

Vurdering av innspel og gjeldande arealbruk

Fram til den nye arealplanen er vedteken er det arealplanane for dei tre gamle kommunane som framleis fastset arealbruken. Arealplanen for tidlegare Leikanger kommune vart vedteken i 2019, medan tidlegare Balestrand sin arealplan er frå 2009. Tidlegare Sogndal vedtok gjeldande arealplan i 2013 og varsla oppstart av ny arealplan i 2018, men utsette prosessen til ny kommunestyreperiode.

Vedteken arealdisponering og innspel som kom inn til tidlegare Sogndal kommune i 2018 skal no vurderast på nytt etter føringane i samfunnsplanen. I dette arbeidet ligg det også å vurdere kva eldre reguleringsplanar som skal gjelde vidare ut frå nasjonale og regionale føringar, mellom anna tekniske og juridiske tilhøve, og våre eigne målsettingar i samfunnsplanen. Innspel som kjem inn i den kommande planprosessen skal også vurderast etter føringane i samfunnsplanen og nasjonale og regionale føringar.

Innspel og arealbruk som vert vurdert til å ikkje vere i tråd med føringane vert ikkje utan vidare konsekvensutgreidde eller teke inn i framlegget til ny arealplan, men skal synleggjerast og leggjast fram til politisk handsaming.

Konsekvensutgreiing (KU)

Konsekvensutgreiinga skal synleggjere vesentlege verknader for miljø og samfunn av endringar i arealbruk som er føreslege i arealplanen, jf. pbl. § 14-1. Det betyr at KU mellom anna skal vise kva konsekvensar arealplanen kan få for nasjonale og viktige regionale omsyn. Dersom endringane er i konflikt med omsyna vil det kunne utløyse motsegner frå høyringsinstitusjonane.

KUen skal utarbeidast etter forskrift om konsekvensutredningar, jf. pbl. § 4-2, og rettleiar for konsekvensutgreiingar til kommuneplanens arealdel T-1493.

Nye og vesentleg endra område avsett til utbyggingsføremål, skal greiast ut etter relevante tema i tabellen:

Tabell 2: Utgreiingstema

| | Utgreiingstema | Kva skal greiast ut? | Kjelder (Lista er ikkje uttømmande) |
|-------|--|---|---|
| Natur | Naturmangfald | Kjende artsverdiar og naturtypeverdiar, sannsyn for ukjende verdiar, samla belastning | Lakseregisteret, Rovbase (Miljødirektoratet), Artar av stor og særleg stor forvaltingsinteresse, utvalde og viktige naturtypar, raudlisteartar og framande artar (Artsdatabanken), Temaplan for naturmangfald |
| | Jordvern | Fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite | Jordbruksareal (NIBIO), Kjerneområde landbruk for Leikanger (Sogndal kommune) |
| | Friluftsliv | Naturgjevne forhold, tilrettelegging og tilgjengelegheit | Kartlagde friluftsområde, statleg sikra friluftsområde, FRIDA, (Miljødirektoratet) Friluftskartlegging i dei tidlegare kommunane |
| | Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap | Kjende verdiar, samla belastning i området | Askeladden, Sefrak, Verneverdige tette trehusmiljø (Riksantikvaren), Regionalt viktige kulturlandskap (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Verdifulle kulturlandskap (Miljødirektoratet) |
| | Strandsone | Samla konsekvensar for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenn tilgjengelegheit | Flyfoto, kjelder elles i tabellen. |
| | Landskap og estetikk | Nær- og fjernverknad, silhuettverknad, arkitektur, byggjeskikk | INON (Miljødirektoratet), flyfoto |

| | | | |
|---------|--|---|---|
| Samfunn | Bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP) | Klimagassutslepp, arealbrukskonfliktar, stadutvikling/trivsel, samfunnsøkonomi. Tilknytning til offentleg veg, venta trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmonster og reisemiddelfordeling, parkeringsdekning og -behov og framkomst for ulike trafikantgrupper. | Utsleppsrekneskap for Sogndal kommune (Miljødirektoratet) |
| | Bustadmarknad og sosial bustadbygging | Bustadmarknad og tilgjenge for barnefamiliar, førstegongskjøparar og låginntektsgrupper | Bustadstatistikk, behovskartlegging |
| | Ureining | Ureining i luft, grunnen vatn. Støy, lysureining, lukt. | Miljøstatus, Grunnforurensning, Vannett (Miljødirektoratet) |
| | Folkehelse | Psykisk og fysisk helse og sosial ulikskap | Folkehelseprofil for Sogndal kommune (2021), UngDataundersøking (2017), Folkehelseundersøkinga for Sogn og Fjordane (2019), |
| | Universell utforming | Tilgjengelegheit, fysisk tilrettelegging | Flyfoto, kart over stiging og avstandar, Kartlegging av tilgjengelegheit og universell utforming av friluftsområde i Sogn og Fjordane 2015 |
| | Oppvekstvilkår | Kapasitet i skule og barnehage, bukvalitetar, nærmiljø og møteplassar, nærleik til daglege funksjonar, mobilitet | Oppvekstprofil for Sogndal kommune (2020), grunnlag for barnehagebruksplan og skulebruksplan, kart over stiging og avstandar, kringom.no, Kartlegging av tilgjengelegheit og universell utforming av friluftsområde i Sogn og Fjordane 2015 |
| | Aldersvenlege lokalsamfunn | Bukvalitetar, nærmiljø og møteplassar, nærleik til daglege funksjonar, mobilitet | Kart over stiging og avstandar, kringom.no, Kartlegging av tilgjengelegheit og universell utforming av friluftsområde i Sogn og Fjordane 2015 |

| | | | |
|--|------------------|--|--|
| | Trafikktryggleik | Tilhøve for mjuke trafikantar, skuleveg, vegstandard og utforming av eksisterande kryss og avkøyrslar. | |
|--|------------------|--|--|

Tabell 3: Matrise for fastsetting av konsekvens

| Omfang/Verdi | Låg verdi | Middels verdi | Høg verdi |
|-----------------------|--------------------------|----------------------------|----------------------------|
| Lite omfang | Liten negativ konsekvens | Liten negativ konsekvens | Middels negativ konsekvens |
| Middels omfang | Liten negativ konsekvens | Middels negativ konsekvens | Stor negativ konsekvens |
| Stort omfang | Liten negativ konsekvens | Stor negativ konsekvens | Stor negativ konsekvens |

Konsekvens vert fastsett av verdi og omfang. Stor negativ konsekvens vil krevje at det vert gjort endringar i den føreslegne arealbruken, eller at feltet vert teke ut. Ved middels negativ konsekvens må ein vurdere endringar eller å ta ut feltet. Liten negativ konsekvens krev ikkje endringar.

Konsekvensutgreiinga skal gjerast i fire steg:

Steg 1: Fastsette verdi for kvart tema: låg – middels – høg

Steg 2: Skildre omfang av verknader: lite – middels – stort

Steg 3: Fastsetting av konsekvens for kvart utgreiingstema ut frå matrisa

Steg 4: Konkludere basert på ei samla vurdering av alle utgreiingstema

Konsekvensutgreiinga for arealplanen skal også

- gjere ei samla vurdering av kvart utgreiingstema, for å synleggjere den samla belastninga i heile kommunen
- gjere ei samla vurdering av kvart arealføremål, for å vise arealføremål som samla fører med seg vesentlege negative konsekvensar

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

ROS-analyse for arealplanen skal synleggjere arealbruk med uønskt risiko og sårbarheit, og vert basert på den heilskaplege ROS-analysen for Sogndal kommune (2021).

DSB sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» seier følgjande:

Sivilbeskyttelsesloven stiller krav til kommunen om helhetlig ROS. Dette gjelder hele kommunen, og utgjør et grunnlag for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, også ved utarbeiding av planer etter plan- og bygningsloven.

Fokuset i ROS-analysar i samband med arealplanlegging er korleis uønskte hendingar påverkar og har konsekvens for liv og helse, samfunnsstabilitet og materielle verdiar/samfunnsverdiar. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging skal visast.

Når samfunnstryggleik på kommuneplannivå skal skildrast, vil det vere føremålstenleg å utforme denne som ein overordna analyse med fokus på vurdering av sårbarheit. Ein slik analyse er overordna og skal etterfølgast av reguleringsplanar på eit seinare tidspunkt, når informasjonsgrunnlaget og kunnskapen er meir detaljert, og når det er mogleg å utarbeide hendingsbaserte risikoanalysar.

Hendingar som skal vurderast

ROS-analysen til arealplanen skal avdekke *potensiell* fare. Aktsemdskart (flaum, skred) frå NVE/NGI er utarbeidd for dette nivået. ROS-analyse på reguleringsplannivå skal avdekka *reell* fare (jf. bla. tryggleikskrav i TEK 17), og skal baserast på Faresonekart (flaum, skred) frå NVE/NGI. Kommunen skal vurdere og kartfeste potensiell naturfare (flaum-, erosjon- og skredfare) for alle område der utbygging er aktuelt. Der arealplanen opnar opp for utbygging utan reguleringsplankrav skal reell fare avklarast. Av hendingar som er identifiserte og analyserte med omsyn til risiko og sårbarheit i den heilskaplege ROS-analysen for Sogndal kommune, vert følgjande hendingar vurderte til å vere relevante for kommuneplannivå:

- Skred
- Ekstremvær
- Akutt ureining
- Langvarig bortfall av kraftforsyning
- Langvarig bortfall av drikkevassforsyning
- Langvarig bortfall av elektronisk kommunikasjon (EKOM)
- Stor vegtrafikkulukke
- Luftfartsulukke
- Tilsikta handling
- Flaum
- Erosjon

Klimatilpassing vil også vere en sentral del av arealplanlegginga til kommunen. Klimaprofilen for Sogn og Fjordane peikar på at klimaendringane særleg vil føre til behov for tilpassing med tanke på kraftig nedbør og auka problem med overvatn, havnivåstiging og stormflo, endringar i flaumtilhøve og flaumstorleikar, og skred.

Kategoriar for sannsyn, konsekvens og risiko

Risiko vert vurdert ut frå sannsyn og konsekvens, for tre kategoriar: liv og helse, materielle verdiar/samfunnsverdiar og stabilitet. Tabellane under er henta frå den heilskaplege ROS-analysen for Sogndal kommune.

Tabell 4: Sannsynskategoriar

| Sannsynskategori | Omtale (frekvens) |
|-----------------------|--------------------------------------|
| 1. Lite sannsynleg | Sjeldnare enn ein gang kvart 1000 år |
| 2. Moderat sannsynleg | Gjennomsnittleg kvart 100-1000 år |
| 3. Sannsynleg | Gjennomsnittleg kvart 10-100 år |
| 4. Mykje sannsynleg | Gjennomsnittleg kvart 1-10 år |
| 5. Svært sannsynleg | Oftare enn ein gong per år |

Tabell 5: Konsekvenskategoriar

| Konsekvens-kategori | Liv og helse | Materielle verdiar/samfunns-verdiar | Stabilitet |
|---------------------------|--|---|---|
| 1. Svært liten konsekvens | Ingen skader, sjukdom eller dødsfall. | Materielle skader < 100 000 kr / ingen skade på eller tap av samfunnsverdiar. | Ingen/ubetydeleg tap av stabilitet |
| 2. Liten konsekvens | 1-2 skadde/sjuka. | Materielle skader 100 000 - 1 000 000 kr / ubetydeleg skade på eller tap av samfunnsverdiar. | Lite tap av stabilitet < 1 dag varigheit (timar) / <50 personar evakuert. |
| 3. Middels konsekvens | 3-5 skadde/sjuka. | Materielle skader 1 000 000 - 10 000 000 kr / kortvarig skade på eller tap av samfunnsverdiar. | Middels tap av stabilitet, 1-2 dagar varigheit / 50-200 personar evakuert. |
| 4. Stor konsekvens | 5-10 skadde/sjuka. Dødsfall 1-5 personar. | Store materielle skader 10 000 000 - 100 000 000 kr / skade på eller tap av samfunnsverdiar med noko varigheit. | Stort tap av stabilitet, 2-4 dagar varigheit / 200-500 personar evakuert |
| 5. Svært stor konsekvens | Fleire enn 10 skadde/sjuka. Dødsfall fleire enn 5 personar. | Svært store materielle skader > 100 000 000 kr / varige skader på eller tap av samfunnsverdiar. | Svært stort tap av stabilitet > 4 dagar varigheit / >500 personar evakuert. |

Tabell 6: Risikomatrixe

| SANNSYNN | KONSEKVENS | | | | |
|-----------------------|--|----------|------------|---------|---------------|
| | 1. Svært liten | 2. Liten | 3. Middels | 4. Stor | 5. Svært stor |
| 5. Svært sannsynleg | | | | | |
| 4. Mykje sannsynleg | | | | | |
| 3. Sannsynleg | | | | | |
| 2. Moderat sannsynleg | | | | | |
| 1. Lite sannsynleg | | | | | |
| GRØN | Akseptabel risiko – førebuande tiltak/beredskap er ikkje naudsynt, men bør vurderast | | | | |
| GUL | Akseptabel risiko – førebuande tiltak/beredskap må vurderast | | | | |
| RAUD | Uakseptabel risiko – førebuande tiltak/beredskap er heilt naudsynt* | | | | |

Når det gjeld kriterium for sannsyn og konsekvens knytt til naturhendingar, slik som flaum og skred, vil krav fastsett gjennom Byggteknisk forskrift 2017 (TEK17) vere gjeldande ved utarbeiding av planar for utbygging. Rettleiinga til TEK 17 gjev førande døme på byggverk som kjem inn under dei ulike tryggleiksklassane for flaum og skred.

TEK 17 § 7-2 Sikkerhet mot flom og stormflo

- (1) Byggverk hvor konsekvensen av en flom er særlig stor, skal ikke plasseres i flomutsatt område.
- (2) For byggverk i flomutsatt område skal sikkerhetsklasse for flom fastsettes. Byggverk skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot flom slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen nedenfor ikke overskrides. I de tilfeller hvor det er fare for liv fastsettes sikkerhetsklasse som for skred, jf. § 7-3.

| Tryggleiksklasse for flaum | Konsekvens | Største nominelle årlige sannsyn |
|----------------------------|------------|----------------------------------|
| F1 | Liten | 1/20 |
| F2 | middels | 1/200 |
| F3 | Stor | 1/1000 |

TEK 17 § 7-3 Sikkerhet mot skred

- (1) Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område.
- (2) For byggverk i skredfareområde skal sikkerhetsklasse for skred fastsettes. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen nedenfor ikke overskrides.

| Tryggleiksklasse for skred | Konsekvens | Største nominelle årlige sannsynl |
|----------------------------|------------|-----------------------------------|
| S1 | liten | 1/100 |
| S2 | middels | 1/1000 |
| S3 | stor | 1/5000 |